



Først i 2009 blir det ein ny Festidalen. Dette biletet vart teke på fredagskvelden i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen blir ikkje arrangert i år fordi dei som står bak må samla kreftene og få tak i fleire folk for å kunna gå vidare.

Det seier styremedlem Anders Daidalos Dahle til Kvinnheringen i samband med meldinga om at det ikkje blir nokon festival dette året. Dahle peikar på at arbeidsmengda har auka og styret minka.

- Men me har veldig lyst til å bevara Festidalen og koma tilbake i 2009, legg han til.

Både han og kollega Sveinung Pile er stolte og glade over nominasjonen til Eldsjelprisen, som viser at Festidalen er blitt lagt merke til også utanfor Kvinnherad.

Pile peikar på at Festidalen ikkje akkurat er den største festivalen og innrømmer samtidig at han ikkje var klar over prisen.

I nominasjonsoversikten heiter det at dette er ein særprega festival som gjev eit dagsaktuelt og variert kulturtilbod til unge og gamle og engasjerar frivillige medarbeidarar frå heile området. Festivalen ber preg av lokalmiljøet og har bygt seg opp som ein viktig kulturaktør i regionen, heiter det.